

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2018-0221	<b>Søknadsår</b>	2018	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Marint Verdiskapingsfond 2018			
<b>Prosjektnavn</b>	Forprosjekt lukka anlegg i sjø			

### Kort beskrivelse

Søknad om midlar til forprosjekt; Lukka anlegg i sjø, ved Lialaks AS i Solund. Lialaks AS vil saman med hovudeigar Eide Fjordbruk AS søkje å utvikle dagens setjefiskanlegg til eit meir moderne, miljøtilpassa og meir produktivt anlegg. Forprosjektet skal ta stilling til kva moglegheiter ein har ved anlegget/eigedommen.

### Prosjektbeskrivelse

Solund har som mange andre kommunar avgrensa moglegheiter for vekst innanfor konvensjonelt, merdbasert havbruk. Mange av dei tidlege lokalitetane til næringa har blitt fråflytta som fylgje av endra teknologi, meir kunnskap om lokalitetar si bereevne og andre normer for biomasse ved anlegga.

Nye tankesett opnar opp for ein vekst som ikkje legg ytterlegare press på den mest attraktive kystsonen; lukka anlegg for produksjon av postsmolt og/eller slaktefisk. Anlegg som skil fisken frå det ytre miljøet, vil vere fordelaktige både med omsyn til fiskehelse, miljøbelastning og produksjonsevne.

Eide Fjordbruk har kjøpt majoritets eigarskap i setjefiskanlegget Lialaks i Solund kommune. Selskapet har ei lang historie for å produsere kvalitetssmolt i kar på land med gjennomstrøyming av ferskvatn. Metoden er velkjend og velfungerande. Men vassressursane set grenser for utvidingspotensialet ved anlegget. Saman med dei andre eigarane ynskjer Eide Fjordbruk å utvide og utvikle anlegget vidare. Dette krev nytenking.

Lialaks har tilgang på meir landareal, og ein gunstig adgang til sjøareal i direkte tilknytning til dagens anlegg. Arealane er regulerte for næring/akvakultur. Ein ynskjer no å kartlegge Lialaks sine moglegheiter for å nytte seg av dette arealet til å vidareutvikle drifta ved verksemda. Håpet er å kunne få til eit anlegg som kan produsere smolt og postsmolt/matfisk gjennom ein kombinasjon av drift på land og i sjø, via tradisjonelle og nye teknologival. Dette kan bli ein måte å utvide/fornye setjefiskanlegg utan å gjere store inngrep på land/fylle ut i sjø.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Lialaks AS Org.nr:942273266	Lia 6924 HARDBAKKE	47821234
Kontakt- person	Øyvind Kråkås	Havbrukspartner AS, Grimstadvegen 115 5252 SØREIDGREND	90288064
Prosjekt- leder	Øyvind Kråkås	Havbrukspartner AS, Grimstadvegen 115 5252 SØREIDGREND	90288064

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Solund har som mange andre kommunar avgrensa moglegheiter for vekst innanfor konvensjonelt, merdbasert havbruk. Mange av dei tidlege lokalitetane til næringa har blitt fråflytta som fylgje av endra teknologi, meir kunnskap om lokalitetar si bereevne og andre normer for biomasse ved anlegga.

Nye tankesett opnar opp for ein vekst som ikkje legg ytterlegare press på den mest attraktive kystsonen; lukka anlegg for produksjon av postsmolt og/eller slaktefisk. Anlegg som skil fisken frå det ytre miljøet, vil vere fordelaktige både med omsyn til fiskehelse, miljøbelastning og produksjonsevne.

Eide Fjordbruk har kjøpt majoritets eigarskap i setjefiskanlegget Lialaks i Solund kommune. Selskapet har ei lang historie for å produsere kvalitetssmolt i kar på land med gjennomstrøyming av ferskvatn. Metoden er velkjend og velfungerande. Men vassressursane set grenser for utvidingspotensialet ved anlegget. Saman med dei andre eigarane ynskjer Eide Fjordbruk å utvide og utvikle anlegget vidare. Dette krev nyttenking.

Lialaks har tilgang på meir landareal, og ein gunstig adgang til sjøareal i direkte tilknytning til dagens anlegg. Arealane er regulerte for næring/akvakultur. Ein ynskjer no å kartlegge Lialaks sine moglegheiter for å nytte seg av dette arealet til å vidareutvikle drifta ved verksemda.

### Prosjekt mål

Hovudmålet med prosjektet er å kartlegge potensialet for ei utviding ved Lialaks AS, med ei auke i produksjonen, sysselsetjinga og verdiskapinga ved anlegget. Samstundes vil ein ta i bruk ny teknologi som er miljøtilpassa og utnyttar lokaliteten best mogleg.

Ambisjonen er at Lialaks AS skal ende opp som eit føredøme for andre setjefiskanlegg, gjennom eit anlegg som kan produsere smolt og postsmolt/matfisk ved kombinasjon av drift på land og i sjø, via tradisjonelle og nye teknologival. Dette kan bli ein måte å utvide/fornye setjefiskanlegg utan å gjere store inngrep på land/fylle ut i sjø, og vere drivande for å ta i bruk ny teknologi i næringa.

### Forankring

Prosjektet er eigd av Lialaks AS, som er eit setjefiskanlegg i full drift.

Hovudeigar i Lialaks AS er Eide Fjordbruk AS, som kjøpte seg inn i selskapet i 2018. Eide Fjordbruk har som mål å utvikle større oppdrettsaktivitet i Solund, med utgangspunkt i Lialaks. Ei oppgradering og utvikling av anlegget på Lia er ein opplagt del av denne utviklinga, og vil ha høg prioritet både administrativt og økonomisk.

Lialaks AS og Svein Lien privat eig og disponerer eit større areal enn det Lialaks i dag nyttar seg av, og dette er regulert for næringsformål/akvakultur. Det ligg såleis godt til rette for å gjere ei utviding av anlegget.

Eide Fjordbruk er i dag engasjert i fleire prosjekt som har som mål å ta i bruk lukka merdar i sjø, og vil ha nytte av erfaringar herifrå for å finne gode løysingar ved anlegget i Solund. Selskapet driv i dag produksjon innanfor heile verdikjeda for laks og aure, og er i vekst.

### **Prosjektorganisering**

Prosjektet er i stadiet forprosjekt, og vil vere eit samarbeid mellom Eide Fjordbruk AS og Lialaks AS. Andre selskap vil kunne nyttast i ei ressursgruppe for val av teknologi og prosjektering av utvidinga. Det vil vere naturleg å spyrje ulike leverandørar og fagmiljø om råd og innspel undervegs i prosessen.

Havbrukspartner AS vil ha ei administrativ rolle i prosjektet.

Styringsgruppa i prosjektet består av Sondre Eide, Vidar Hjartnes (begge Eide Fjordbruk), Anders Jan Rød (KJ Eide), Svein Lien (Lialaks) og Øyvind Kråkås (havbrukspartner).

### **Samarbeidspartnere**

Eide Fjordbruk AS, Lialaks AS, Havbrukspartner AS

### **Aktiviteter**

- 1 Ei vurdering av dagens anlegg, og potensialet for å gjere dette rusta for vidare drift.
- 2 Ei vurdering av vidare utviklingspotensiale på land i direkte tilknytning til dagens anlegg. Kartlegging av tilgjengeleg areal, tilkomst og infrastruktur/ressurstilgang.
- 3 Ei vurdering av potensialet for å etablere lukka anlegg i sjø, i direkte tilknytning til dagens anlegg. Nødvendige undersøkingar av forhold i sjø og i strandsona.
- 4 Sluttrapport. Ein samla presentasjon med tilråding basert på det føregåande arbeidet.

Kvar del vil medføre ei kartlegging av tilgjengeleg teknologi, utrekningar av produksjonspotensialet som blir utløyst, og avvegingar av arealbruk/tilgang opp mot miljøomsyn og økonomi. Forprosjektet skal ende opp i ei tilråding av konsept, med eit godt grunnlag for ein vidare realiseringsprosess. Kunnskapsgrunnlaget skal kunne leggast fram på ein utførleg og lett tilgjengeleg måte, med talgrunnlag og skisser.

Talgrunnlaget vil vere:

- Produksjonspotensiale for fisk med estimat for produksjonskostnader
- Overslag for investeringar i utstyr og teknologi

Arbeidsmetodikk:

- Utgreiing av potensiale og problemstillingar
- Samhandlingsmøter og beslutningspunkt
- Møter/samatarar med fagmiljø og teknologileverandørar
- Arbeid med prosjektering og presentasjon
- Eventuell kartlegging og prøvetaking

### **Målgrupper**

- Kjøparar av smolt til matfiskproduksjon
- Andre settefiskprodusentar
- Utstysprodusentar
- Kjøparar av laks og aure
- Andre interessentar av næringa si utvikling

### **Resultat**

Forprosjektet skal kunne kome med ei klar tilråding for eit eventuelt hovudprosjekt (gjennomføring av ei utviding av anlegget).

Sluttrapporten vil og vere informativ og potensielt avklarande for andre med tilsvarende prosjekt.

Arbeidet undervegs vil gje høve til leverandørar, fagmiljø og andre interessentar, samt forvaltningsinstansar, å kome med innspel, informasjon og dele kunnskap og erfaringar.

Hovudmålet for prosjektet er større verdiskaping innanfor miljøtilpassa rammer. Dette potensialet vil bli dokumentert gjennom alle ledd i forprosjektet.

### **Effekter**

Gjennom auka kunnskap om anlegget sitt utviklingspotensiale, og auka kunnskap om tilgjengeleg teknologi, vil prosjektet gjere Lialaks AS og eigarane betre i stand til å vurdere det potensialet verksemda har for å vekse og utvikle seg. Dette vil i sin tur gje utteljing på lokal og regional sysselsetjing og verdiskaping. Prosjektet vil kunne vere ein pådrivar for utvikling av teknologi for lukka oppdrettsanlegg.

Potensielle miljømessige effektar:

- betre arealutnytting ved eksisterande anlegg, med mindre press på jomfrueleg areal
- større tryggleik rundt vassforsyning og vasskvalitet, med mindre risiko for minska fiskevelferd
- god kontroll over miljøet i og rundt anlegget
- ein meir robust smolt

Dette er kritisk for prosjektet si evne til å nå måla:

- at ein får kunnskap om den rette teknologien
- at ein blir kjend med utfordringar som kan dukke opp i byggeprosess og i drift
- at ein er trygg på konseptet sine økonomiske føresetnader, og kan gå god for lønsemda i det.
- at ein får lov å gjennomføre utbygginga og etablere auka aktivitet

Som ein del av prosjektet sine økonomiske føresetnader, høyrer ei vurdering av postsmolt som produksjonsmetode framfor utsett av mindre smolt i opne merdar. Postsmoltproduksjon i lukka merd i sjø, krev at ein nyttar av MTB frå konsesjonar i sjø, i motsetnad til anlegg på land som kjem inn under regelverk for setjefiskproduksjon. Her skil dette prosjektet seg vesentleg frå utbyggingar av postsmoltproduksjon i landanlegg.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Aktivitetar og tidsplan:

1 Ei vurdering av dagens anlegg, og potensialet for å gjere dette rusta for vidare drift.

Arbeidet startar ved prosjektet sin oppstart, tentativt 01.11.2018, og vil ha som mål å vere ferdig innan utgangen av februar 2019. Etter at denne bolken er ferdigstilt, vil der bli halde møte i styringsgruppa med oppdatering på konklusjonar og ressursbruk.

2 Ei vurdering av vidare utviklingspotensiale på land i direkte tilknytning til dagens anlegg. Kartlegging av tilgjengeleg areal, tilkomst og infrastruktur/ressurstilgang.

Arbeidet vil starte umiddelbart etter del 1, i starten av mars 2019, og bør vere ferdig i slutten av mai. Møte med styringsgruppa etter dette.

3 Ei vurdering av potensialet for å etablere lukka anlegg i sjø, i direkte tilknytning til dagens anlegg. Nødvendige undersøkingar av forhold i sjø og i strandsona.

Arbeidet vil starte suksessivt etter del 2, og bør vere ferdig ved utgangen av september. Styringsgruppemøte for oppdatering.

4 Sluttrapport. Ein samla presentasjon med tilråding basert på det føregåande arbeidet.

Ein har då to månader att på å skrive sluttrapporten, og legge denne fram i avsluttande møte med styringsgruppa og eventuelle andre interessentar (det vere seg styret i selskapa, ulike bydragsytarar, finansieringspartnarar etc.)

Sluttrapporten skal vere levert og tilgjengeleg 30.10.2019. Erfaringar undervegs i dei ulike aktivitetane kan sjølvstøtt påverke delar av prosjektet si framdrift og vegval, jamført utgreiing om effektar av prosjektet.

**Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>SUM</b>
Ei vurdering av dagens anlegg	100 000	150 000				250 000
Ei vurdering av potensialet på land	50 000	250 000				300 000
Ei vurdering av potensialet på sjø		200 000				200 000
Sluttrapport. Ein samla presentasjon med tilråding		350 000				350 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>150 000</b>	<b>950 000</b>				<b>1 100 000</b>

Meir detaljert budsjett kan leggest fram ved behov.

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>SUM</b>
Eigeninnsats	50 000	150 000				200 000
Eigenkapital	100 000	200 000				300 000
Marint Verdiskapingsfond 2018	600 000					600 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>750 000</b>	<b>350 000</b>				<b>1 100 000</b>

Fordelinga av kostnader mellom 2018 og 2019 kan bli påverka av framdrifta i prosjektet, men målet er at prosjektet vert avslutta i 2019. Også fordelinga mellom eigeninnsats og eigenkapital kan variere noko ut frå kva ressursar ein får behov for og kva kapasitet som er hos dei ulike partnarane.

**Geografi**

1412-Solund

**Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>